Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28.

Fylke: Rogaland.

~~Tilleggsspørsmålnr.~~

Herad: Nedstrand.

Emne: Drikk til maten til kvardags.

Bygdelag:

Oppskr. av: A. Husland

Gard:

(adresse): Huslandsvaag

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Oppskrifta etter eiga röynsle og raadföring med Nils Helle, 75 aar gamall.

SVAR

Mjölk.

Sp. 1. I gamall tid bruka dei meir sur mjölk og skjör enn naa. Naar separatoren vart teken i bruk auka det med bruk av skuma mjölk. Etter at mjölkesalet til meieriene vart meir alment, har heimebruken av mjölk minka av, og teller mykje.

Sp. 2. Ja.

Sp. 3. Før var det baade saup eller kjernemjölk dei kalla, og det var skjör og blanding. Ikkje primblende. Det vert bruka minke naa enn før. Her brukast surmjölk og saup av og til som surmjölksupa, raamjölk til raamjölkpudding og sprengd mjölk av og til ~~ter~~ attgat i flatbröd eller kjöpebröd t.d. knekkebröd. Saupe gaar meir av bruk, etter som meieria faar mjölka, og det vert ikkje stort kjerning heime lenger.

Sp. 4. Öl. Det er berre unntaksvis her har vore bruka heimebryggja öl i bygda etter den tid eg vart född. Det var berre nokre faa gardar som held paa dette ölet. Det vart kalla for heimebryggja. Det var nokk mykje brukt för mi ~~tid~~ baade i onnetider og elles.

5432

Kaffe.

Sp. 5. Etter som Nils Holle seier saa tok dei til med å drikka kaffe kring 1830–40 her i bygda. Gamle Ola Skarpe som døydde 1907 eller saa og var daa over 80 aar gamall fortalde meg, at han fekk kaffi første gongen i sin ungdom paa Fossa garden, der han var eit tend. Men han kunde ikkje drikka den, saa ufjelg ein smak det var av den.

Sp. 6. Kring 1860–70 truleg ey.

Sp. 7. Tvaa og tri gonger – det er litt ymist, sume bruka ein gong meir enn andre, og ein gong meir gjerne sumaren enn um vinteren. Men saa var det kankende dagar med baade ein og tvaa gonger meir enn der kjem folk paa vitjing.

Sp. 8. Sume har groovmalen kaffe paa kokande vatn. Dei fleste trakkar kaffien. Seinare brukast ogsaa meir finmalen kaffi, dei kjøper oppmalen. Klaareskinn brukast berre av dei fleste. Klaareskinnet er oftest haaskinn. Dei naa spaar dei ikkje i grut, anna enn gaukar under aa daa, som diktar ihop ei kvar slag hendelsløysa for aa faa til laatt og løgje. Men i gamle dagar spaadde dei i kaffigruten, men slike som vilde vera noko av spåfolk, og der var ovtru millom folket.

Sp. 9. Naa til dags brukast ofte raffinade til ~~sukker~~ kaffikoppen. I eldre tider ikkje til vanleg, og saa helst kandis, brunsukker og kanskje ein klypt sukkertopp. Bestefar (morfar) døydde 88 aar gamall i 1910. Han minnast og alltid bruka mykje raffinade. Opp til 6–7 molar i kaffikoppen. Sukkeret vart alltid kjøpt ferdig.


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Sp. 10. Skal det verta noko til kaffi, saa har ein alltid fløyte i. Har ein ikkje anna enn mjølk saa kan ein ikkje godt by ein komande gjest paa kaffi. Saa var det ogsaa i gamall tid ikkje anna og har høyrt. Ost i kaffien har ikkje eg høyrt nokon brukt. Vispa egg har nok føre-kome, men berre reint sjeldan.

Te.

Sp. 11. Nils Helle minnest te i bruk fraa barn-domen. Ja naa drikk ein te til kvardags, men eg kan ikkje saa nøie seia kva tid det kom i aalment bruk.
Dei gamle brukte av og til karvevatn i staden for te og stundom søbelrødder.

Brennevin.

Sp. 12. Nettopp som kvardagsdrykk brukte nok heller ikkje dei gamle brennevin. (Rekna her ikkje med forkomne vanedrikkarar.) Men i ymse onnetider (slaattonna) og ymse slag arbeid t.d. dugnar. og elles som høvesdrykk var det i jamt bruk den tid. Det var aa faa kjøpt heime hjaa gasgjevarane dei Malla (handelsm.)
Eit anker 60-70 fl. kosta 7 dalar i 1868-69, seier Nils Helle.
Under visse dagar paa aaret som t.d. Mikkelsdagen var det vanleg at gamlekara-ne for inn til Nedstrand stedet og festa slik at dei aller fleste var „paa an" litt.

Sp. 13. Ja her vert brukt vørterøl, selters og brus til kvardags ogsaa naa helst sommartid.
Drykk med alkohol i er lite og inkje i bruk til kvardags. Det kan vera ein kvan ung-domen som gaukar med det, litt ei og anna helg eller under festsamkomer av ungdomar.

5432

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING